



Tollregion Vest-Norge

Bergen regiontollsted
Avdeling for Fastsettelse og Virksomhetskontroll
Saksbehandler
Rolf-Ole E. Seljeflot Tlf.: 55 57 37 75 Faks: 55 57 38 83

Vår dato: 09.01.08
Deres dato:
Vår referanse: 2006/10814
Deres referanse:
Arkivnummer: 356.1

Skipshandlarar i Tollregion Vest-Norge

SØKNAD OM TILDELING OG UMLEVERING AV PROVIANT

Frå 1. februar 2008 skal alle søknader i Tollregion Vest-Norge, om tildeling og utlevering av proviant til fartøy i utenriksfart og til mannskap som tilhører dei, handsamast av Haugesund tollsted.

Søknad kan sendast på telefaks til nummer **51 86 85 66**. Saman med søknaden må det leggjast ved kopi av "Proviantdeklarasjon".

Tollregionen viser også til vårt brev av 27. desember 2006, om retningslinjer for tildeling og utlevering av proviant. ~~Dei retningslinjene gjeld framleis og følgjer nedanfor.~~

Tildeling av proviant


1. Tildeling vert gjort etter reglane for kvar enkelt tur. Med den enkelte tur meiner vi tidslengda på oppdraget/ toktet. Dvs. tildeling for den enkelte reise frå Norge tur/retur.
2. Skipshandlar skal alltid søkja Tollvesenet om tildeling av høgt skattlagde varer (alkohol- og tobakkvarer). For andre enn installasjonar i Nordsjøen må det også søkjast om tildeling av kjøt.
3. Varer i direkte transitt skal tollekspederast. På tilhøyrande TVINN-deklarasjon skal varene klassifiserast og verdifastsettast.
4. Som hovudregel må eit fartøy klarera inn og ut før det kan søkjast om tildeling av proviant. Fartøy/installasjonar i oljeverksemd, som ligg utanfor tollområdet over 14 dagar, kan tildelast proviant.
5. Det må i samband med TVINN-deklareringa tilføyast tilvisingar i rubrikk 44 på tolldeklarasjonen. Her skal det visast til "Forhåndsmelding" sitt journalnummer og tildelingsnummer.
6. Søknad om tildeling av proviant skal skje skriftleg. Fartøyet sin proviantdeklarasjon skal leggjast ved søknaden. Søknaden vil verta handsama i Tollvesenet si ordinære kontor- og ekspedisjonstid. Dersom søknaden vert akseptert, vil søknaden med tildelt kvantum, tildelingsnummer og attestert proviantdeklarasjon verta returnert til søkjar.
7. Skipshandlar skal ikke søkja Tollvesenet om tildeling av proviant til fartøy som ligg i utanlandsk hamn. Skipshandlar må tollekspedere varene i TVINN.

Utlevering av proviant

1. Søknad om utlevering av proviant etter 10 dagars-regelen skal rettast til og vert handsama av tollregionen innan ordinær kontor- og ekspedisjonstid. Søknaden skal være skriftleg og proviantdeklarasjonen skal leggjast ved. Dersom Tollvesenet gir løyve til utlevering påfører Tollvesenet utlevert kvantum på proviantdeklarasjonen med attestasjon og sender denne i retur til søker.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Haugesund tollsted telefon 51 86 85 61.

Med hilsen



Rolf-Ole E. Selje
avdelingssjef



Terje Vangen
kontorsjef